





Bremanger
kommune

Bremanger.kommune.no
Alkoholpolitisk plan 2024-2028

Alkoholpolitisk plan 2024-2028

Bremanger kommune

Vedteken i kommunestyret
den 12. september 2024



Innhold

Løyve.....5

Dei ulike løyvene.....6

Tider.....8

Krav til søknad om sals- og skjenkeløyve.....9

Kontroll og inndraging av løyve10

Åtvaringar og prikktildeling.....11

Inndraging av løyve som ikkje er i bruk.....12

Sals- og skjenkeavgift14


Generelt om planen

Det er alkohollova som set rammene for den kommunale forvaltninga av alkoholpolitikken.

Etter alkohollova §1-7d, pliktar kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Handlingsplanen inneheld retningsliner for handtering av sal – og skjenkeløyver i kommunen, og er førande for handsaming av desse sakene.

Innanfor alkohollova sine rammer har kommunen stort handlingsrom til å kunne påverke bruk av lovleg rusmiddel i lokalsamfunnet.

I handlingsplanen finn ein retningsliner, reaksjonsform ved brot på alkohollova, samt kommunen sitt reglement om opningstider for sal – og skjenkeløyve.



Mål

Handlingsplanen skal ivareta og ta omsyn til folkehelsa i kommunen, men i tillegg til dette skal den legge til rette for at næringane som daglegvare, restaurant og utelivsbransjen har føreseielege rammer og retningslinene for forsvarleg omsetning av alkohol.

Løyve

Jf. Alkohollova kan sal, skjenking og tilverknad av alkohol berre skje på grunnlag av løyve.

- Bremanger kommune har løyveperiode på fire år for sal og skjenking.
- Kommunestyret handsamar generelt løyve til sal og skjenking som omfattar alkohol haldig drikk for gruppe 1, 2 og 3.
- Formannskapet har delegert mynde til å handsame sal- og skjenkeløyve i løyveperioden.
- Kommunedirektøren har delegert mynde til å gje løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk ved ambulerande- og einskildhøve.

SKJENKELØYVE

- Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan gjevast til hotell, pensjonat, restaurantar, kafé/pub/diskotek, samt i fellesrom i bu -og servicesenter/sjukeheimar og til båtar som driv turisttrafikk.
- Skjenkeløyve kan gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe1, 2 og eventuelt gruppe 3.
- Utandørs serveringsareal kan få innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og eventuelt gruppe 3.
- Utandørs serveringsareal skal vere avgrensa med fysisk sperring, og så langt råd er av skjerma i høve trafikk og tryggleik.
- Det skal ikkje gjevast generelt løyve til serveringsstadar som er spesielt retta mot ungdom under 18 år, skule -og undervisningsbygg eller lokale som er tiltenkt idretts- eller mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom – samstundes som slik aktivitet går føre seg.
- Det skal innhentast uttale frå politiet, avgiftsmyndigheitene og sosialtenesta.

SALSLØYVE

- Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan gjevast til butikkar der alkoholhaldig drikk gruppe 1 høver inn i varespekteret, dette er særleg daglegvarebutikkar.
- Det kan ikkje gjevast løyve til bensinstasjonar og kioskar.
- Bremanger kommune har opna for at sjølvbetjente butikkar i kommunen kan søkje om salsløyve.
- Det skal innhentast uttale frå politiet, avgiftsmyndigheitene og sosialtenesta.

Dei ulike løyvene

AMBULERANDE SKJENKELØYVE

- Bremanger har to ambulerande skjenkeløyve. Tal er fastset av kommunestyret.
- Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til bestemt person eller skjenkestad.
- Gjeld berre i slutta lag – dette er slutta krets av personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Utanforståande kan ikkje komme inn. Personane må ha tilknytning til dei som inviterer. Ikkje tilstrekkeleg å skrive seg på liste eller kjøper billettar.
- Styrar og vara skal vere over 20 år.
- Grunneigar må samtykke i at det kan skjenkast alkohol på staden.
- Skal ein nytte telt, må dette godkjennast av teknisk driftseining i kommunen.
- Politi og kontrollorgan får kopi av gjeve løyve.
- Økonomiavdelinga sender ut faktura for løyve.

SKJENKELØYVE FOR EINSKILD HØVE

- Løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk klasse 1,2, og 3 for einskild høve ved arrangement på stadar utan alminneleg løyve.
- Dette er arrangement med definert tidsavgrensing og for ein kort periode, til dømes dansefestar, konsertar og liknande.
- Styrar og vara skal vere over 20 år.
- Tal vakter på arrangementet avhenger av kor mange deltakarar ein forventar på arrangementet.
- Det skal som regel vere 18 års aldersgrense i skjenkelokalet.
- Ein kan søkje dispensasjon for aldersgrensa der det er naturleg at ungdom under 18 år deltek, til dømes på konsert eller andre kulturelle arrangement, dette krev ekstra vakthald.
- Bygdefest der aldersgrensa er 15 år skal det leverast plan over korleis ein skal hindre at mindreårige får tilgang til alkohol, ein krev ekstra vakthald.
- Grunneigar må samtykke i at det kan skjenkast alkohol på staden.
- Skal ein nytte telt må dette godkjennast av teknisk driftseining i kommunen.
- Kommunen innhentar uttale frå politiet.
- Økonomiavdelinga sender ut faktura for løyvet.

LØYVE OM BORD SKIP

Løyve for skjenking ombord i skip (som ikkje er omfatta av stateleg løyvemyndigheiter) skal gjevast av den kommunen som skipet har som utgangspunkt for verksemda. Har dei fleire kommunar som verkeområde, må løyve gjevast av alle kommunane. Skip har same krav til søknad som ein har til søknad om fast løyve.

ARRANGEMENT DER EIN IKKJE TEK BETALING FOR ALKOHOL

Ein treng ikkje løyve for reint private arrangement som bryllaup, bursdagsselskap eller andre jubileum dersom ein ikkje tek betaling for den alkoholhaldige drikken.

Tider

TIDER FOR SKJENKING AV ALKOHOL I GRUPPE 1, 2 OG 3

Alkoholova §4-4 seier: «Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av annen alkoholhaldig drikk kan skje frå kl. 08.00 til 01.00

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd

Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl. 03.00 og 13.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk er forbudt mellom kl. 03.00 og 06.00”

KOMMUNEN SINE SKJENKETIDER

- Alkoholhaldig drikk i klasse 1 og 2 kan ein skjenke mellom kl. 08.00 og 02.00 alle dagar.
- Alkoholhaldig drikk i klasse 3 kan ein skjenke mellom kl. 13.00 og 02.00 alle dagar.
- For avgrensa uteområde kan det frå måndag til søndag for gruppe 1 og 2 skjenkast kl. 12.00 – 02.00 og i gruppe 3 kl. 13.00 – 02.00
- For stadar som har ambulerande skjenkeløyve/skjenkeløyve for einskild høve kan ein skjenke alkoholhaldig drikk i klasse 1 og 2 mellom kl. 08.00 og 02.00 og klasse 3 mellom kl. 13.00 og 02.00
- Skjenka alkohol skal vere konsumert seinast 30 minuttar etter at skjenketida er avslutta.

TIDER FOR SAL AV ALKOHOL GRUPPE 1

- 08.00 – 20.00 på kvardagar
- 08.00 – 18.00 på dagar før søndagar og heilagdag
- 08.00 – 20.00 dagen før Kristi Himmelfartsdag
- 08.00 – 16.00 påske, pinse, jule- og nyttårsaftan.
- Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er dekkja til/ikkje tilgjengeleg i butikken ved salstida sin slutt.
- Sal og utlevering av drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar- og heilagdag, 1. og 17. Mai.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje seljast til personar under 18 år

Krav til søknad om sals- og skjenkeløyve

Søknad om sals- og skjenkeløyve og søknadar om endring i eksisterande løyve skal innehalde følgjande opplysningar:

- Namn og adresse på vedkomande som eig verksemda, samt adresse på staden der verksemda skal drivast.
- Firma og skatteattest.
- Type verksemd.
- Namn og adresse på styrar og vara – samt opplysningar om deira tilknytning til verksemda.
- At styrar og vara er over 20 år
- Eigenerklæring/leigekontrakt der det går fram at søkjar har tilgang til lokale der verksemda skal drivast.
- Planteikningar over lokalet sine areal og funksjonar.
- Dokumentasjon for opplysningar som er naudsynte for å kunne ta stilling til om krava til løyvehavar, vara, dagleg leiar er oppfylte.
- Dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve og etablererprøve (gjeld skjenkesaker) skal ligge ved søknaden om sal-/skjenkeløyve. Dette gjeld styrar, vara og dagleg leiar
- Små verksemder kan søkje om fritak for kravet om avlørsar.
- Søknad skal leverast elektronisk via kommunen sin søknadsportal.

KUNNSKAPSPRØVE I ALKOHOLLOVA

Alle som skal vere styrar og vara for eit løyve må ha gjennomført kunnskapsprøva i alkohollova. Dette gjeld både for sal og skjenking. I Bremanger kommune kan ein ta kunnskapsprøva på Servicekontoret.

<https://bremanger.kommune.no/tenester/naring-og-loyver/kunnskapsprove-for-sal-skjenking-av-alkohol/>

ETABLERARPRØVA

Dersom ein skal vere dagleg leiar på ein serveringsstad må ein ha bestått etablererprøva og vere over 18 år. I Bremanger kommune kan ein ta kunnskapsprøva på Servicekontoret.

<https://bremanger.kommune.no/tenester/naring-og-loyver/etablerarprova/>

Kontroll og inndraging av løyve

Kommunen har ansvar for kontroll av kommunale sals- og skjenkeløyve, dette gjeld også for ambulerande skjenkeløyve og løyve for einskild høve.

Når det gjeld ulovleg skjenking, der ein skjenkar utan løyve, er det politiet som er ansvarlege.

Løyvemyndigheitene har ved kontroll tilgang til sal – og skjenkestadene sine lokale, dette inkludera lager, bakrom og tilstøytane lokalar som løyvehavar disponera. Dei kan krevje å få tilgang til rekneskap – gjeld også dokument som kunde- og leverandørlistar og inngåande/ utgåande faktura. Løyvehavar må i tillegg levere ut vareprøver dersom løyvemyndigheitene ber om dette.

Bremanger kommune har avtale med eksternt selskap for kontroll av sal- og skjenkestadar i kommunen. Det vert gjennomført minst tre kontrollrundar pr. år. Det vert òg gjennomført kontroll av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve.

Kontrollørane kontrollera følgjande:

- Sal- og skjenketid
- Aldersgrense – at det ikkje vert seld eller skjenka til mindreårige
- Skjenkestaden sin plikt til å ha tilbod om alkoholsvak og alkoholfri drikk
- At det ikkje vert seld eller skjenka til openbart rusa personar
- Ulovleg reklame
- Internkontrollperm

Kontrollar kan gå føre seg opne eller anonyme. Etter utført kontroll, skal kontrollør alltid presentere seg for ansvarshavande og gje munnleg attendemelding om kontrollen. Kontroll av skjenkestadar skal gjennomførast med minst to kontrollørar.

Skrifteleg rapport frå kontrollen skal sendast til sals- eller skjenkestaden med moglegheit for løyvehavar til å uttale seg.

Bremanger kommune mottek rapport frå kvar kontroll.

INNDRAGING AV LØYVE

Dersom det ved kontroll, eller gjennomgang av politirapport, er rapportert alvorlege brot på alkohollova, har kommunen høve til å inndra kommunalt sals- eller skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom. Løyvehavar skal ha høve til å uttale seg før saka vert handsama.

Inndraging av løyve er eit enkeltvedtak, dette kan klagast på etter reglane i forvaltingslova. Ved kommunale løyve er statsforvaltar rette klageinstans.

Etter Delegasjonsreglementet ligg kontroll av sals- og skjenkeløyve hos kommunedirektøren. Inndraging av løyver ligg hos Formannskapet. Vedtaket kan påklagast til Kommunestyret

Åtvaringar og prikktildeling

Ved brot på alkohollova gjeld forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk. Alkoholforskrifta §10-3 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavar sine alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikkar. 12 tildelte prikkar i løpet av to år fører til ein standarreaksjon på inndraging av løyvet i ei veke. Dette er ei obligatorisk ordning som kommunen må følgje.

REGLBROT SOM FØRER TIL TILDELING AV ÅTTE PRIKKAR

- Sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år
- Brot på bistandsplikta
- Brot på krav om forsvarleg drift
- Hindring av kommunal kontroll

REGLBROT SOM FØRER TIL TILDELING AV FIRE PRIKKAR

- Sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar, skjenking til person som er eller må antakast å bli openbart påverka av rusmidlar
- Brot på sals-, utlevering- og skjenketidsavgjersler
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til personar på 18 eller 19 år
- Brot på alderskravet til dei som sel, utlevera eller skjenkar alkoholhaldig drikk

REGLBROT SOM FØRER TIL TILDELING AV TO PRIKKAR

- Ein gjev adgang til lokalet til person som er openbart påverka av rusmidlar, eller løyvehavar ikkje sørgjer for at person som er openbart påverka av rusmidlar forlèt staden
- Manglar ved løyvehavar sin internkontroll
- Manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist
- Manglande betaling av bevillingsgebyr innan kommunen sin frist
- Brot på krav om styrar og vara til styrar
- Gjenteke narkotikaomsetnad på skjenkestaden

REGELBROT SOM FØRER TIL TILDELING AV EIN PRIKK

- Brot på krav om alkoholfrie alternativ
- Brot på reglar som skjenkemengd
- Konsum av med brakt alkohol
- Gjestar som tek med alkohol ut av lokalet
- Brot om krav av plassering av alkohol av salsstaden
- Brot på vilkår i løyvevedtaket
- Brot på reklameforbod
- Andre regelbrot som omfattast av alkohollova

Inndraging av løyve som ikkje er i bruk

Eit løyve kan dragast inn dersom det ikkje er nytta i løpet av det siste året. Ein kan ikkje inndra løyvet dersom grunn til manglande bruk av løyve er ei hindring som løyvehavar ikkje har kontroll over, og som han ikkje med rimelegheit kunne unngått eller overvinne følgjer av . Dette gjeld berre dersom ein antek at drifta kan startast opp att innan rimeleg tid.

Løyvehavar har plikt til å systematisk kontrollere og dokumentere at lov og forskrift vert følgd. Dette inneber at sals- og skjenkestadane må setje seg inn i alkohollova sine reglar, slik at det vert redusert risiko for brot på lova.

Unntak frå internkontroll er ambulerande skjenkeløyve. Bakgrunnen for unntaket er mellom anna at ambulerande skjenkeløyve alltid vert gjeve til slutta lag/selskap.

KRAV TIL DOKUMENT SOM MÅ VERE SAMLA PÅ EIN PLASS

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta
- Bevillingsvedtaket
- Kommunale retningsliner
- Rundskriv
- Dokumentasjon på at styrar og vara har teke kunnskapsprøva
- Dokumentasjon på at tilsette har fått opplæring i alkohollova
- Dokumentasjon av at dagleg leiar av skjenkeløyve har teke etablerer prøve.

KRAV TIL RUTINAR FOR Å SIKRE AT REGELVERKET VERT HALDE

- Rutine for opplæring av tilsette
- Rutine for å be om at legitimasjon i tvilstilfelle
- Rutine for at mindreårige får skjenka alkohol av andre gjestar
- Rutine for å vise vekk openbart påverka personar, derunder hjelpeplikta
- Rutine for å hindre at det nytast med brakt i skjenkelokalet
- Rutine for å sikre at sals- og skjenketider vert overhalde
- Rutine for å informere kommunen om endringar i drifta, derunder skifte av styrar og avløyser eller eigarskifte
- Rutine for innsending av omsetningsoppgåve
- Rutine for innkjøp av alkoholhaldig drikk, dokumentasjon på dette
- Rutine for kva ein gjer dersom brot på regelverket oppstår
- Kven har ansvar for internkontrollen
- Avviksskjema

Kommunen skal føre kontroll med sals- og skjenkestadane sin internkontroll. Kontrollfunksjonen er delegert til kontrollørane .

Sals- og skjenkeavgift

Gebyr på kommunal salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 vert fastsett for eit kalenderår om gongen. Gebyrsatsen er fastsett av myndigheita ved forskrift.

Løyvehavar gjev opp forventa omsett mengd alkoholhaldig drikk i løpet av året. Det vert føreteke etteroppgjer når reelle salsoppgåver ligg føre. Løyvehavaren skal, innan 20. mars, sende inn oppgåve over alkoholomsetnad for året før, samt oppgåve over forventa omsetning for inneverande år.

AMBULERANDE LØYVE

Gebyr for ambulerande løyve vert fastsett for kvart kalenderår ved forskrift.

EINSKILD HØVE

Gebyret er indeksregulert og vert justert under budsjetthandsaming i kommunestyret.

Gebyret vert rekna ut eller forventa tal deltakarar til arrangementa:

- Arrangement 0 - 50 personar kr. 420
- Arrangement 50 – 200 personar kr. 520
- Arrangement 200 - 500 personar kr. 1610
- Arrangement over 500 personar kr. 3200

Kommunen kan foreta etterrekning om det syner seg at tal deltakarar avviker frå det oppgjeve talet.

Kommunedirektøren er delegert all mynde som kan delegerast i høve Alkohollova.



**Bremanger
kommune**

